



## Forslag til plan for arbeidet i 2022

### Aktivitetar og arrangement:



- *Søndagskafe* kvar fyrste sundag i månaden m/program/innslag. **Kva tidspunkt bør det vere? Kven kan ta ansvar?**
- Arrangere felles søndagsmiddag to-tre gonger i 2022. **Kven vil og kan ta ansvar?**
- Arrangere handverks/handarbeidssamlingar på nokre laurdagar. **Kven tek ansvar?**
- *17.mai-feiring* på Årebrot. Ansvar: **Kven kan vere med i komiteen?**
- *Dugadar* på grendahusa to laurdagar i mai/juni . **Ansvar: Styret**
- *Strandryddeaksjon* i mai/juni. **Ansvar: Styret v/Vetle Aase Øvrebotten**
- *Sommarhelg/bygdedagar med sommarbasar*: 15.-17-juli eller 29.-31. fottur, fiskekonkurrans, foredrag på tema. **Ansvar: Kven vil vere med i ein komite?**
- *Hjortefest* i november. **Ansvar: Jegarar**

- *Romjulskafe/juletreffest 3.dag jul. Ansvar: Eigen komité*
- *Prøve å få i gang kurs i diverse t.d.: filetering, ljåslått, snekring? Er det interesse? Har vi kurshalderar?*

## Viktige tiltak

### *Grendahusa*

- Måle ferdig grendahuset i Botnane.
- Gjere ferdig skulestova i Botnane med lister mm
- Utarbeide planar for ein garasje med lager for utstyr ved grendahuset i Botnane og søkje om midlar.
- Lage til porten v/Botnane grendahus.
- Halde fram med å skifte kledning på grendahuset på Årebrot.
- Rydde garasjen/lageret i Årebrot grendahus.
- Få sett i stand kaihuset på Villevika.

### *Nærmiljøanlegg*

- Starte å planlegge eit mindre nærmiljøanlegg ved grendahusa i Botnane og på Årebrot, t.d. ei hinderløype, klatreområde, diskgolf eller anna og søkje om midlar til gjennomføringa.

### *Turstiane.*

- Få dei lagt alle inn på ulike digitale kart og på plattformer på nett.
- Merke fleire korte nærturar.
- Arrangere stolpejakt og eventuelt tur-orientering
- Samarbeide med turlaga i Florø og i Bremanger.

### *Sti til fyrlykta og sitteplass i Vikja i Botnane:*

- Ta opp med grunneigar om løyve og bruke flishaugane på nedisda av vegen i Vikja til å lage sti ned mot fyrlykta og ein enkel sitteplass.

### *Gatelys i Sørbotten*

- Arbeide ut ein plan med kostnader for å få opp gatelys frå Myrane og eit stykke utover til Sørbotten.
- Arbeide for å få støtte til å realisere planen.

### *Gjestebrygger*

- *Arbeide med å få til gjestebrygge både på Årebrot og i Botnane.*

## *Krigsminne*

- *Få opp skilt og merke sti fram til krigsminna i Breivika og i Nøre Dalen. Samarbeide med Flora historielag.*

## **Viktige saker**

### *Breiband/mobildekning:*

- Arbeide for å skaffe skikkeleg breiband og mobildekning til alle så snart som mogleg.

### *Frøysjøvegen – fylkesveg 577:*

- Arbeide for å få godt nok vedlikehald og opprusting av vegen mellom Myklebustkrysset og Villevika (Frøysjøvegen – Fylkesveg 577)
- Arbeide for å få redusert fartsgrense gjennom Botnane.
- Ta opp spørsmål om vidareføring av fylkesveg 577 sørover mot Flora over Terøya.